



MODALEN KOMMUNE

Kommunal planstrategi

2021 – 2023

Vedtøken i kommunestyret 25.03.21, sak 016/2021

Innhald

| | |
|---|------|
| Innleiing | s. 3 |
| Kommunal planstrategi | s. 3 |
| Føremål og innhald | s. 3 |
| Prosess | s. 3 |
| Kan det gjerast foreinklingar? | S. 3 |
| Evaluering av gjeldande kommuneplan | s. 3 |
| Avgåande kommunestyre – evaluering og vedtak | s. 3 |
| Administrativ evaluering | s. 4 |
| Noverande kommunestyre - evaluering og vedtak | s. 4 |
| Føringar for planarbeidet | s. 4 |
| Nasjonale forventningar og føringar | s. 4 |
| Regionale forventningar og føringar | s. 5 |
| Utviklingstrekk og utfordringar i Modalen kommune | s. 6 |
| Folkehelse | s. 6 |
| FN sine berekraftsmål | s. 6 |
| Skule og opplæring | s. 6 |
| Barnehage | s. 6 |
| Teknisk etat | s. 7 |
| Pleie og omsorg | s. 7 |
| Helsesenteret | s. 7 |
| Kundetorget | s. 7 |
| Rådmannen - felles | s. 8 |
| Interkommunalt – anna arbeid | s. 8 |
| Oversyn over kommunen sin prioriterte planbehov i perioden | s. 9 |

Innleiing

KOMMUNAL PLANSTRATEGI

Føremål og innhald

Førmålet med kommunal planstrategi er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for ei ønskja utvikling. Kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som ein tidligere fann i plan- og bygningslova.

Planstrategiprosessen inneheld drøftingar og innspel som dannar eit grunnlag for å beslutte kva planbehov Modalen kommune har, samt ynskjer å prioritere for kommande kommunestyreperiode. I planstrategien søker kommunen å peike på utfordringar og utviklingstrekk som vert viktige med omsyn til heilskapleg planlegging.

Prosess

Det nye kommunestyret skal vedta ein kommunal planstrategi innan 1 år etter konstituering. I samband med dette arbeidet skal det takast stilling til om kommuneplanen skal reviderast (heilt/delvis) eller vidareførast utan endringar. Dersom kommunestyret vedtek revidering stiller det krav til planprosess. Ein kan likevel ha ein parallell prosess for planstrategiarbeidet.

I forkant har avgåande kommunestyre evaluert kommuneplanen og gjeve innspel til det nye kommunestyret. I tillegg kjem administrasjonen med sine evalueringar av gjeldande kommuneplan. Desse evalueringane vert med i grunnlaget når nytt kommunestyre vurderer revisjon eller vidareføring av kommuneplanen.

Arbeidet med planstrategi krev at det vert henta innspel frå omliggande kommunar, samt regionale og statlege mynde. Til slutt skal framlegget leggjast ut på høyring i min. 30 dagar før endeleg vedtak i kommunestyret.

Kan det gjerast foreinklingar?

Modalen kommune kan på fleire område vurdere å ha fleire tema inn i felles plan. I tillegg må me vere varsamme med å utarbeide ein planstrategi som bind opp ufordelaktig med ressursar med omsyn til å produsere planar utan tilstrekkeleg relevans. Dette må drøftast i kommunestyret.

Evaluering av gjeldande kommuneplan

AVGÅANDE KOMMUNESTYRE – EVALUERING OG VEDTAK

Vedtak i kommunestyret 05.09.19 (sak 42/2019):

Gjeldande kommuneplan bør delvis reviderast. Dette gjeld følgjande område:

- Arealdel bør reviderast. Når det gjeld LNF/spreidd: må opne for småskala attåtning på t.d. gardar. T.d. serveringsstad, reiselivsorientert. Kommuneplanen bør opne for meir spreidd

bustadbygging. Dette kan bidra til meir tilflytting. Viktig å ha store tomter (godt utover 800 m²).

- Området på Otterstad; dette må gjerast om til LNF. Det må komme på plass tidleg i perioden.

ADMINISTRATIV EVALUERING

Leiargruppa i Modalen kommune gjennomførte ei evaluering av gjeldande kommuneplan i møte 05.12.19 med følgende resultat:

- Rådmannen sitt råd til kommunestyret er å vidareføre gjeldande kommuneplan utan endringar/revideringar.

NOVERANDE KOMMUNESTYRE - EVALUERING OG VEDTAK

Kommunestyret skal gjennom vedtaket av kommunal planstrategi ta stilling til om gjeldande kommuneplan heilt eller delvis skal reviderast.

Kommunestyret sitt vedtak (25.03.21):

Kommunestyret vidarefører gjeldande kommuneplan utan endringar for kommunestyreperioden 2019 – 2023.

Vurderinga er at dei utfordringar og utviklingstrekk som har blitt synleggjort i planstrategiprosessen vert løyst gjennom underleggende planar slik omtala i fortsetjinga. Kommunestyret si vurdering er at kommuneplanen sikrar god samfunnsutvikling også for inneverande kommunestyreperiode, og at planen fungerer godt som overordna styringsdokument. Nye/endra nasjonale føringar er omtala i fortsetjinga m.o.t. korleis Modalen kommune ser føre seg å møte desse. Kommunestyret har særleg vore merksam på forhold knytt til *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging og statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.*

Kommunestyret ynskjer også å nytte inneverande kommunestyreperiode til å arbeide fram korleis kommuneplanen (samfunnsdel) i tilstrekkeleg grad kan sikre at overordna tema vert inkludert, samt kva tema dette skal vere.

Kommunestyret sitt vedtak (25.03.21):

Områdeplan for Mo/Otterstad/Trohaug med følgjande tema i planarbeidet: Tomte og differensiert bustadtilbod, føre området på Otterstad må tilbake til LNF. Detaljert plantema og arealavgrensing vert omtala i planprogrammet. Oppstart 2021.

Føringar for planarbeidet

NASJONALE FORVENTNINGAR OG FØRINGAR

I *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023* legg regjeringa vekt på følgjande store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn

- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom m.a. ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

FN sine 17 berekraftmål skal vere ein del av grunnlaget for regional og kommunal samfunns- og arealplanlegging

Statlige planretningslinjer vert nytta for å konkretisere dei nasjonale forventningane til planlegginga og markere nasjonal politikk på viktige område i planlegginga.

Statlege planretningslinjer kan gjelde for heile landet eller eit geografisk avgrensa område og skal leggjast til grunn ved statleg, regional og kommunal planleggjing; og enkeltvedtak som statlege, regionale og kommunale organ treff.

Modalen kommune vil innanfor planstrategiperioden prioritere å utarbeide plan for klima, miljø, energi og samferdsle. Her vil me drøfte og vurdere forhold som:

- Utviklingstrekk og bustadbehov
 - Utbyggingsstrategiar i Modalen, arealbruk og fortetting.
 - Kvar skal folk bu? Kople dette saman med areal/transport/trafikksikring – samferdsle.
- Klima, i dag og i framtida.
- Naturmangfald.

REGIONALE FORVENTNINGAR OG FØRINGAR

Vestland fylke har skissert opp følgande utfordringar på regionalt plan framover (jfr. Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024)

- Klimaomstilling
- Balansert areal- og naturressursbruk
- Gode transportsamband og smart mobilitet
- Grøn konkurransekraft
- Digitalisering av samfunnet
- Relevant kompetanse og kunnskap
- Attraktive stadar og gode nærmiljø
- Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturtilbod
- Ungdom, trivnad og tilhøyre

Utviklingstrekk for indre Vestland

- Folketalsnedgang, låg del unge
- Store avstandar
- Gode skuleresultat og attraktivt høgskulemiljø
- Næringsliv med styrke innan reiseliv og fornybar energi/industri
- Stort naturmangfald og store verdiar i natur- og kulturlandskap
- Stor skredfare

- Liten tilgang på høgfrekvent kollektivtilbod
- Høg trivsel

Utviklingstrekk og utfordringar i Modalen kommune

FOLKEHELSE

Alle planar som vert utarbeida/revidert framover skal innehalde og sikre ivaretaking av folkehelse som gjennomgripande perspektiv. Folkehelse som tema skal omtalast særskilt. Utgangspunktet skal mellom anna byggje på kommunen sin folkehelseoversikt, samt *Kulturplan 2020 – 2029 – ein strategisk plan for utvikling av kultur, idrett, friluftsliv og folkehelse i Modalen kommune*.

Folkehelseoversikten tek føre seg tema som befolkninga sin helsetilstand og levekår, barn og unge sitt oppvekstmiljø, psykisk helse, sosial ulikskap m.m.

Modalen kommune vil rette merksemda mot inkludering og integrering i folkehelseoversikten. Dette vil danne grunnlag for å arbeide vidare med temaa i øvrige planar.

FN SINE BEREKRAFTSMÅL

Alle planar som vert utarbeida/revidert framover skal vise til, bygge på og sikre ivaretaking av berekraftsmåla som FN har vedteke. Planane skal konkretisere korleis berekraftmåla skal forståast og arbeidast med på lokalt nivå. Her vil me sjå til *Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024*.

SKULE OG OPPLÆRING

- Talet på born i kommunen går nedover. Mindre elevgrupper kan føre til meir samanslåing av grupper.
- Eit samfunn i rask endring og utvikling krev omstilling også i skulen.
- Færre elevar ynskjer plass i kulturskulen. Dette er eit trekk som går igjen i fleire kommunar.
- Nye læreplanar frå 2020 tilseier tettare samarbeid med arbeidsliv – noko som fører til at elevar i større grad må ut av Modalen for å dekkje dette behovet.
- Auka behov for langsiktig planlegging.
- Små avdelingar skal yte god kvalitet på eit breidt felt av tenester. Det er sårbart med få/berre ein som har kompetanse på ulike felt.
- Nye kompetansekrav er utfordrande å imøtekomme. Lite nyrekruttering innan skule, men dyktige tilsette som tek vidareutdanning.
- Utfordrande å vere ein liten og «einsam» skule, mykje ansvar delt på få personar.

BARNEHAGE

- Avtale med Vaksdal kommune om kjøp av barnehageplassar opphøyrer for barn busett frå Høvik til Gullbrå frå hausten 2021. Det vil kunne føre til nedgong i barnetal og lågare bemanning.
- Krevjande å dekke vikarbehov, og vanskar med å rekruttere ny arbeidskraft både til vikariat og faste stillingar.
- Slitasje på uteleikeområdet/leikeapparat. Dette vil ein kunne problematisere i økonomiplan framover.

TEKNISK ETAT

- Det er et stort behov for å få kartlagt VA-utfordringene i kommunen. Status idag og utfordringene vi står foran i tiden som kommer.
- Utfordringar knytt til klima og miljø – korleis skal Modalen sikre ei berekraftig utvikling.
- Utfordringar knytt til energiområdet – berekraftig framtid
- Utfordringar knytt til samferdsle og trygge trafikkale løysingar

PLEIE OG OMSORG

- Talet på eldre heimebuande aukar. Dette vil kunne føre til auka behov i heimetenestene.
- Utfordringar med å sikre tilstrekkeleg med fagkompetanse innan sjukepleie og helsefag. Det er forventat at ein del tilsette dei næraste åra går av grunna oppnådd pensjonsalder.
- Få brukarar – ressurskrevjande drift. Dette endrar seg fort opp/ned. Krevjande å planlegge for, men ein må samstundes følgje bemanningsnorm.
- Oppretthalde fagleg nivå i ei lita eining. Krevjande å møte krav/forventningar om reformar og digitalisering med få tilsette som kan arbeide dedikert med dette.
«Leve heile livet»-reforma vert arbeidd med i Modalen og er venta å bli handsama i kommunestyret hausten 2021. Denne syner korleis reforma sine løysingar skal koplast til øvrige kommunale planar.

HELSESENTERET

- Rekruttering av fagpersonell. Spesielt kan dette gjelde små stillingar.
- Habilitering/rehabilitering; fleire eldre og fokus på funksjon, tilpassing av hjelp/tenester/bustad. Meir heimebesøk og vurdering av bustad/funksjon.
- Felles behov i regionen som t.d. grunnlag for smittervernplan krev interkommunalt samarbeid.
- Fokus på vald i nære relasjonar og legetenesta.
- Auke i tal innbyggjarar med ulike helseutfordringar, t.d. muskel – og skjelettlidingar. Høgare del innbyggjartal som nyttar legemiddel mot diabetes-2 enn fylket elles, og fleire som har hatt kontakt med lege/ legevakt med psykiske plager.

KUNDETORGET

Kultur (idrett, friluftsliv og folkehelse), bibliotek, kundetorg

Kulturplan 2020 – 2029 (vedteken i 2020) er ein strategisk plan med handlingsprogram for utvikling av kultur, idrett, friluftsliv og folkehelse. Kommunen sin folkehelseoversikt frå 2017 vert revidert og ferdigstilt våren 2021.

- Stabilt innbyggjartal
- Godt og organisert idrettslag med ulike aktivitetstilbod.
- Godt fungerande ungdomsråd og fritidsklubb.
- Utfordringar med å finne aktørar som kan ta del i driftinga av Dagsturhytta m/ tilhøyrande bibliotek.
- Utvikle Bryggjeslottet med meir aktivitet til innbyggjarane, men også med omsyn til å styrke økonomi innanfor tenesta.
- Rekruttere fleire unge til frivillig arbeid, og til leiarfunksjonar innanfor ideell sektor.

- Mangel på fortau og sykkelveggar. Dårlig utbygd kollektivtilbod.
- Barn og unge treng gode fritidstilbod inkludert møteplassar som skapar identitetstilhøyre til bygda. Sikre at ungdom kjem tilbake til Modalen etter endt utdanning.
- Det er dei unge og dei eldre som er dei største lånegruppene til Modalen folkebibliotek. Gjere tenesta meir tilgjengeleg for fleire «ikkje brukarar» gjennom å vurdere utvida opningstid og sjølvbetening. Utvikle i retning meir digitalt innhald, samt styrke biblioteket som sosial arena for formidlar av kunnskap og kultur. Vere relevant og attraktiv med tilbod om ulike arrangement og kurs. Modalen folkebibliotek må som andre bibliotek prøve å finne si rolle i det digitale samfunnet. Stadig fleire tenester blir tilgjengeleg direkte på nettet, men nettopp fordi så mykje mellommenneskeleg kontakt er virtuell blir det ekstra viktig å kunna møtast fysisk - ansikt-til-ansikt - til dømes på biblioteket.
- Digitalisering av tenester innanfor kundetorget generelt – stort endringsbehov.
- Nye krav til arkivfunksjon. Rettstryggleik for innbyggjarane, sikra dokumentasjon.
- Høge krav til informasjon. Innbyggjarar og andre forventar at kommunen leverer kommunikasjon av høg kvalitet i mange kanalar.

RÅDMANNEN – FELLES

- Sikre at barn og unge si deltaking og medverknad i utviklinga av lokalsamfunnet.
- Sikre relevant kompetanse og kunnskap i tenestene.
- Ivareta og utvikle næringslivet i kommunen i tråd med grønt skifte.
- Sikre at Modalen tek del i digitaliseringa av samfunnet.
- Heve kvaliteten på kommuneorganisasjonen sine leveransar innad og utad.
- Styrkje kvaliteten på området finans og økonomi.
- Styrkje beredskapsområdet i kommunen. Dette inneber alle plutslege hendingar som krev at det er utarbeidd planar for korleis utøve beredskap. Sterkare fokus på samfunnssikkerhet/-beredskap og ROS-analysar (kvart 4. år) på overordna nivå i kommunen. Vurdere kva konsekvensar dette planarbeidet får for øvrige plan- og prosessområde.
- Rusbruk er omtala blant berekraftmåla til FN. Modalen kommune har eit lokalt samfunnsansvar for å syte for at alkoholbruk/-politikken ikkje fører til skadar/ulempar for innbyggjarane, men at det er trygt og godt å vekse opp her.
- Sikre god kvalitet på barnevernstenesta og oppvekstområde sett under èitt.

INTERKOMMUNALT – ANNA ARBEID

- Auka behov krav og behov for digitalisering i tenestene.

Oversyn over kommunen sine prioriterte planbehov i perioden

| Tenesteområde | Planbehov L= lovpålagt Y= ynskje Ny= ny plan R= rullering RE= revisjon | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|--|------|------|------|------|
| Skule /opplæring | | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| | Skuleplan / verksemdsplan Årleg | | Ny | RE | RE |
| | Felles oppvekstplan med barnehagen | | Ny | RE | RE |
| Barnehage | | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| | Årsplan – vedtak i kommunestyret | LR | LR | LR | LR |
| | Felles oppvekstplan med skulen | | Ny | RE | RE |
| Teknisk etat | | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| Uteavdelinga Reinhald Landbruk Miljø | Hovudplan for tenesta - Vassforsyning - Mot ureining | | | | |
| | Landbruksplan (2007) | | | R | |
| | Driftsplan for hjort og vilt (2011) | RE | | | |
| Felles VA-plan | Hovudplan for avløp (1997) Slå saman med vassforsyning (under) Hovudplan for vassforsyning (1997) | R | R | | |
| | Plan for klima, miljø, energi og samferdsle | | | Ny | |
| | Områdeplan for Mo/Otterstad/Trohaug: Tomte og differensiert bustadtilbod, føre området på Otterstad må tilbake til LNF. Detaljert plantema og arealavgrensing vert omtala i planprogrammet. | | Ny | | |
| Pleie og omsorg | | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| Modalstunet Heimetenesta Anna | Helse- og omsorgsplan (felles med helsesenteret) - Eldreomsorg (1998?) - Demensplan 2020 - Habilitering, rehabilitering - Velferdsteknologi - Digitalisering - Beredskapsplan Prosedyrar, rutinar | | Ny | Ny | |
| | Leve heile livet | | Ny | | |
| Helsesenteret | | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| Kommuneoverlege Legekontor | Helse- og omsorgsplan (felles med PLOMS) | | | | |

| | | | | | |
|--|---|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Fysisoterapi Psykolog Helsesøster Psykiatri | <ul style="list-style-type: none"> - Psykiatri, rus (2002?) - Barn og unge - Digitalisering - Plan for legetenester - Beredskapsplan | | Ny | Ny | |
| | <ul style="list-style-type: none"> - Plan for arbeid mot vald i nære relasjonar. | | Ny | | |
| | Rehabiliteringsplan for Modalen (2002) – revidere og legge inn i Helse- og omsorgsplan | | | RE | |
| Kundetorg | | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| Arkiv Kultur IT Løn | Hovudplan for tenesta <ul style="list-style-type: none"> - Informasjons- og kommunikasjonsstrategi | | | Ny | |
| | Kulturminnevernplan (2000) | | | | RE |
| | Arkivplan | | R | | |
| Rådmann - felles | | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| Næring Økonomi Felles Flyktning NAV/sosial | Personal-/HR-plan Felles kommunal strategisk HR-plan som inkl. kompetanseplan for alle einingane. | Ny | Ny | | |
| | Budsjett- og økonomiplan | R | R | R | R |
| | Strategisk næringsplan (2017) | | RE | | |
| | Datasenterstrategi | | Ny | | |
| | Plan for samfunnstryggleik og beredskap – beredskapsplan (rev. 2019). Det er i førre KPS vist til kriseplan 2013. <ul style="list-style-type: none"> - For alle tenester Heilskapleg plan for samfunnssikkerhet/-beredskap inkl. revisjon av overordna ROS-analyse | R | R | R | R |
| | Digitaliseringsplan interkommunal | | Ny | R | R |
| | Finansstrategi og reglement | Ny | | | |
| | Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland | Ny | Ny | Ny | Ny |
| | Felles interkommunal strategisk plan for helse og omsorg i Nordhordland | | RE | | |